

**Frå:** Øystein Sortland <oysteinland@hotmail.com>  
**Send:** tirsdag 1. oktober 2024 07:36  
**Til:** Postmottak Kinn Kommune  
**Emne:** Høyring Samfunnsplan

Ein av styrkene til Kinn kommune er kombinasjonen av by og bygd der byane er avhengig av bygdene og omvendt. Slik Samfunnsplanen føreligg idag kan denne lesast som at ein legg opp til ei sentralisering. Det står tydeleg om visjonen om «10 minutt byen» men lite om visjonar eller ambisjonar for bygdene som fell utanfor dei definerte områda. Derimot legg ein opp til nedbyggjing av tilbod og tenester og samling av det som står att sentra.

Under punkt 2.3.3 står «Vi treng tenlege bustader i sentrum av byane for eldre, slik at vi i større grad kan samle tenesteytinga vår.» Formuleringa gjer det nærliggjande å tru at innbyggjarane i mange bygder helst skal flytte til meir sentrale delar av kommunen for å få den hjelpa ein treng i alderdommen. Saman med visjonen om at dei eldre skal «bu heime lengst mogleg» må ein forstå det slik at kommunen legg opp til at eldre skal re-etablere seg med ny «eigen bustad» meir sentrumsnært. Eg meiner dette vil vere ei uheldig utvikling som vil forringe livskvaliteten for mange. Alle innbyggjarar bør vere sikra eit likeverdig tilbod uansett bustadadresse.

Samfunnsplanen legg også opp til endring i skulestrukturen og nedleggjing av grendaskular. Det er forståeleg at ein ønskjer å sjå på grep med synkande elevtal. Samstundes skulle eg ønskje Kinn kommune kunne ha større ambisjonar for bygdene og det uforløyste potensialet mange bygder har. På Vågsøya er det etter mi meining Nord-Vågsøy som har det største vekstpotensialet for næringsutvikling og byggjeland. Det verkeleg framtidsretta ville då vere å behalde skulen på Raudeberg. Det stadige fokuset på nedleggjing av grendaskulane i Kinn skapar mykje utryggleik. Føringar og framlegg i høve til kva tenester, tilbod og infrastruktur kommunen i framtida vil vere ansvarlege for skapar også ein vond sirkel av negativitet og lite framtidstru i mange bygdelag. Om Kinn kommune i framtida skal halde på og auke folketalet er det avgjerande at kommunen sikrar innbyggjarane i heile kommunen eit forutsigbart og likeverdig tilbod.

Samfunnsplanen legg også opp til å basere seg mykje på frivillege for gjennomføring av lovpålagde tenester. Det frivillege kan vere eit nyttig supplement. Tilgangen på frivillege er derimot variabel over tid og ein meir systematisk og utstrekt bruk av frivillege i eit meir forpliktande samarbeid med enkeltindivid vil truleg over tid slite på desse slik at rekkjene av frivillige over tid forvitrar.

Eitkvart samfunn er avhengig av gjensidig tillit. Slik eg opplever forholdet mellom Kinn kommune og innbyggjarane er dette prega av mindre tillit enn eg skulle ønskje. Ein del av bakgrunnen for dette er knytt til usemja rundt korleis kommunen blei til og etterspelet

som har vore. Ein manglar ei kjensle av fellesskap som også kan vere utfordrande å få til pga manglande felles møteplassar og referansepunkt.

Kommunen har her eit stort ansvar for å vere tydelege i kommunikasjonen med innbyggjarane og å unngå å kome med framlegg som skapar mistillit mellom kommunen og innbyggjarane.

Øystein Sortland